



LEIKANGER KOMMUNE

KOMMUNAL PLAN FOR ENTREPRENØRSKAP

I

BARNEHAGE OG SKULE

2009 – 2012

Vedteken av Leikanger kommunestyre i møte 29.oktober 2009

INNHALD	Side
1. INNLEIING	3
1.1 Nasjonale føringar	3
1.2 Fylkeskommunale føringar	3
1.3 Regionale føringar	4
2. STATUS	4
2.1 Nasjonalt nivå	4
2.2 Sogn og Fjordane	4
2.3 Sogn region	5
2.4 Vidaregåande skular	5
2.5 Leikanger kommune	6
3. MÅL OG STRATEGIAR	6
3.1 Nasjonale	6
3.2 Fylkeskommunale	7
3.3 Regionale	7
3.4 Kommunale	8
4. RESULTATMÅL	9
4.1 Felles	9
4.2 Samarbeid	9
4.3 Den enkelte barnehage og skule	9
4.3.1 Barnehagane	9
4.3.2 Barneskulen	9
4.3.3 Ungdomsskulen	10
5. GJENNOMFØRING OG RAPPORTERING	
5.1 Suksessfaktorar	10
5.2 Planar	10
5.3 Rapportering	10
6. DEFINISJONAR	10

1. INNLEIING

1.1 Nasjonale føringar

I læreplanverket for den 10-årige skulen (L-97) kom omgrepet entreprenørskap inn i samband med praktisk prosjektarbeid.

Regjeringa sin plan for ein heilskapleg innovasjonspolitik: *Frå ide til verdi* med fylgjande visjon:

Noreg skal vera eitt av dei mest nyskapande landa i verda, der verksemder og menneske med pågangsmot og skaparevne har gode mogelegheiter til å utvikla lønnsame verksemder.

Entreprenørskap er eitt av fem område som er omfatta av innovasjonsplanen.

St.meld.nr 30 (2003-2004) – *Kultur for læring* vart lagt fram i april 2004. Denne meldinga legg rammer for den vidare grunnskuleutdanninga. Her vert det peika på entreprenørskap som eit viktig hjelpemiddel til å fornya opplæringa, mellom anna på ungdomssteget.

Opplæring i entreprenørskap er utvikling av både personlege eigenskapar, haldningar, formell kunnskap og dugleik.

I 2006 la Regjeringa fram ein strategiplan for entreprenørskap i utdanninga som ein del av satsinga på ein heilskapleg innovasjonspolitik.

Strategiplanen har denne visjonen:

” Entreprenørskap i utdanningssystemet skal fornya opplæringa og skapa kvalitet og mangfald for å fostra kreativitet og nyskaping ”.

1.2 Fylkeskommunale føringar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sett i gang ein prosess der fleire aktørar er involverte med å setja entreprenørskap på dagsorden. Dette skjer gjennom fylkesplanen, som under tema *Verkemiddel og arbeidsmåtar* har eit eige kapittel om *Nyskaping og entreprenørskap*, samt gjennom kompetansenettverk i samarbeid med fylkesmannen, høgskulen, Innovasjon Noreg og NHO.

Entreprenørskap er eit gjennomgåande tema på ulike område i heile fylkesplanen: Kompetanse og opplæring – ” *medverka til nyskaping og nyetablering gjennom å styrka entreprenørskapshaldninga og kreativiteten hjå unge og vaksne* ”,

Satsingsområde – Verdiskaping – ” *for å sikra ei god industriutvikling i fylket trengst det ei systematisk satsing på å få fram entreprenørar* ”

Småskalanæringar – ” *fremja entreprenørskap hjå enkeltpersonar, bedrifter, utviklingslag og lokalsamfunn* ”

Tenesteyting – ” *tilpassa verkemiddelapparatet slik at det vert innretta for å møta behova til kulturentreprenørane* ”

Ungdom – ”Gjennom ungt entreprenørskap har det vore satsa spesielt med fagleg tilrettelegging, og bistand til oppretting av elev- og ungdomsbedrifter. Pr. i dag er det ungdomsbedrifter ved alle dei vidaregåande skulane i fylket. Dette er viktig for å nå alle, ikkje berre dei teoretisk flinke.”

”Fylkeskommunen vil leggja til rette for kulturutfalding og entreprenørskap for ungdom”

I Sogn og Fjordane er entreprenørskap i skulen eit satsingsområde gjennom fylkesprogrammet *Kompetanse og opplæring* og handlingsprogrammet *Rom for alle – syn for den enkelte*.

1.3 Regionale føringar

På bakgrunn av negativ folketalsutvikling og strukturelle problem i næringslivet sette rådmannsgruppa i Sogn regionråd i mars 2006 ned ei arbeidsgruppe for å vurdere korleis ein kunne samarbeide om skuleutvikling med tanke på å snu den negative trenden. Dette resulterte i utviklingsprogrammet ”Sats på skulen – snu Sogn”. Programmet vart forankra ved politisk vedtak i alle kommunane. Programperioden er sett til 2006 – 2012.

Det skal utviklast ein plan for systematisk og langsiktig satsing på entreprenørskap i skulane der det skal satsast på kompetanseutvikling for leiarar og lærarar, forbetring av rådgjevarfunksjonen og eit system for dialog med næringslivet.

All aktivitet i regi av Sogn regionråd/skuleregion indre Sogn som gjeld fellestiltak i høve til utvikling av skulen bør vere relatert til dette programmet.

2. STATUS

2.1 Nasjonalt nivå

Entreprenørskap har vore praktisert i varierende grad i grunnopplæringa og omfanget er ulikt frå fylke til fylke. Kva som vert lagt i omgrepet entreprenørskap vil og vera ulikt frå skule til skule og lærarar i mellom.

2.2 Sogn og Fjordane

Programstyret for entreprenørskap og nyskaping i Sogn og Fjordane ynskjer å vita kva konsekvensar systematisk satsing på entreprenørskap i skulen har hatt for elevar, lærarar, skuleeigarane og lokalsamfunnet. Forskingsmiljøet ved Kunnskapsparken i Bodø er engasjert for å gjennomføra FoU- studien og det er fyrste gongen ein nasjonalt nærmar seg feltet på ein så omfattande og heilskapleg måte. Fylkesmannen er representert i programstyret og koordinerer arbeidet med studien frå oppdragsgjevarens si side, medan fylkeskommunen finansierer oppdraget.

Undersøkinga tek mål av seg å telja tal elev- og ungdomsbedrifter i fylket. Det som i tillegg gjer studien unik er at ein og skal sjå nærare på m.a. kva haldningar og verdiar elevane utviklar, om det er etablert sterkare relasjonar mellom dei unge og lokalsamfunnet og kva som er suksessfaktorane for å lukkast med denne typen arbeid i skuleorganisasjonen.

Driftig.no er eit gründersenter på nett som skal gjera det lettare å etablera og driva bedrift i Sogn og Fjordane. Her er tips om samarbeid mellom skule, lokalsamfunn og næringsliv, om etablerarstøtte, kurs og nettverk og om designsatsing, rekruttering og forskning.

Portalen er ein del av satsinga til programstyret i Entreprenørskap og nyskaping i Sogn og Fjordane som vil;

- ha nysgjerrige og skapande unge i barnehage og skule
- ha fleire nyetableringar i fylket
- at dei nyetablerte bedriftene skal bli lønsame
- at eksisterande bedrifter skal tenkja nytt
- ha levande lokalsamfunn

Framtidsfylket.no er ein annan nettportal.

2.3 Sogn region

Entreprenørskap er eit fokusområde i alle delprogramma i ”Sats på skule – snu Sogn”. Det er den breie forståinga av omgrepet som her vert lagt til grunn. Det å ha entreprenørskapskompetanse handlar då om personlege eigenskapar og haldningar som evne og vilje til å ta initiativ, nytenking og kreativitet, risikovilje, samarbeidsevne og sosial dugleik.

Regionen har og i gang leiarutdanning for 50 skuleleiarar i regionen med entreprenørskap som hovudtema.

2.4 Vidaregåande skular

Sogndal

Entreprenørskap er eit satsingsområde ved Sogndal vidaregåande skule. Dette ligg i skulen sin utviklingsplan og ein ser det att i det daglege arbeidet. Særleg yrkesfaglege studieretningar har lange tradisjonar når det gjeld samarbeid med næringslivet, både gjennom utplassering og ved at skulen har teke i mot jobboppdrag frå næringslivet. Målet er å sikra at utdanninga ungdomane får er relevant i forhold til den kvardagen dei møter når dei skal ut i arbeid.

Skulen har ungdomsbedrifter, partnarskapsavtalar med lokalt næringsliv, samarbeidsbedrifter, og nyttar REAL i opplæringa.

Luster

Arbeid innanfor entreprenørskap vert eit stadig viktigare satsingsområde for skulen. Skulen ser det som viktig å ha eit nært samarbeid med det lokale næringslivet, samtidig som dei vil vera ein bidragsytar i regionalt utviklingsarbeid.

Dei områda skulen har satsa mest på i entreprenørskapsarbeidet til no, er å utvikle partnarskapsavtalar med bedrifter i nærmiljøet, i tillegg til i stadig større grad å nytta arbeid med ungdomsbedrifter som ein del av opplæringa. På denne måten håpar dei å skape grobotn for entreprenørskapstanken hos elevane, og kanskje gjera det enklare for elevane sjølve å skapa framtidige arbeidsplassar i fylket.

2.5 Leikanger kommune

2.5.1 Barnehagane

Barnehagane har utarbeidd ei felles pedagogisk plattform der mellom anna samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv er med. Dei ulike tiltaka går fram av barnehagane sine årsplanar. Nærmiljøet til barnehagane er mykje nytta i det faglege arbeidet. Det same gjeld ulike typar samfunnsinstitusjonar og næringsliv.

Det er òg vanleg at barnehagegruppene besøker foreldra sine arbeidsplassar der dette let seg gjera.

Barnehagane har eit fellesprosjekt på kosthald og fysisk aktivitet knytta opp entreprenørskap og folkehelse, der dei har inngått partnerskapsavtale med Leikanger Jakt- og Fiskelag.

2.5.2 Barneskulen

Leikanger barneskule har nyleg utarbeidd entreprenørskapsplan. Denne inkluderer også skulefritidsordninga (SFO).

Planen har klare mål for kvart årssteg og viser heile tida viser til kompetansemåla og fagplanane i Kompetanseløftet. Elevane vil kvart år arbeida med ulike REAL – øvingar.

Barneskulen har inngått 4 partnerskapsavtalar med lokalt næringsliv.

Rektor deltek på leiarutviklingsprogrammet til Sogn regionråd og skriv prosjektoppgåve om implementering av planen i eigen organisasjon.

2.5.3 Ungdomsskulen

Leikanger ungdomsskule har arbeidd med entreprenørskap sidan 2000. Skulen har eigen plan som vert evaluert kvart år.

Planen har klare mål for kvart årssteg og viser heile tida til kompetansemåla og fagplanane i Kompetanseløftet.

Elevane arbeider med REAL-øvingar på nokre av årsstega. Ungdomsskulen har 5 partnerskapsavtalar med lokalt næringsliv. Dei har elevbedrifter og har delteke på entreprenørskapsmesse. Rektor deltek på leiarutviklingsprogrammet til Sogn regionråd.

3. MÅL OG STRATEGIAR

3.1 Nasjonale

Kunnskaps-, nærings-, handels-, kommunal- og regionaldepartementet 2006: Strategiplan for entreprenørskap i utdanninga ” Sjå muligheitene og gjer noko med dei!”

Regjeringa sin visjon: *Entreprenørskap i utdanningssystemet skal fornya opplæringa og skape kvalitet og mangfald for å fostra kreativitet og nyskaping.*

Hovudmål

Utdanningssystemet skal medverka til verdiskaping og innovasjon ved å stimulera kunnskap og dugleik, arbeidsglede og meistring, sjølvstende og fellesskap hjå elevar og lærarar på alle nivå og utvikla ein kultur for entreprenørskap.

Felles mål for alle utdanningsnivåa:

- Ein heilskapleg og godt forankra entreprenørskapsatsing som femner om offentlege og private aktørar
- Auka samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og nærings- og samfunnslivet
- Entreprenørskapsfokus i regional utviklingspolitikk
- Auka kontakt med utdanningssystem i andre land, auka kontakt med internasjonale nettverk og større mogelegheit for elevar og studentar til å få internasjonal erfaring
- Ei opplæring som gir variasjon og utfordringar på ulike læringsarenaer.

Mål i grunnskuleopplæringa:

- Skuleeigarar som legg til rette for entreprenørskap i opplæringa
- Elevar med sosiale og faglege dugleikar og haldningar som fremjar kreativitet og nyskaping
- Auka kompetanse hjå lærarane i skulen til å driva entreprenørskapsopplæring
- Skular som utviklar og brukar varierte arbeidsformer og nye metodar
- Fleire elev- og ungdomsverksemdar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring, og fleire elevar som deltek i desse
- Auka bruk av partnerskapsavtalar og liknande samarbeid med lokalt næringsliv.

Barnetrinnet: Entreprenørskapsopplæringa på dette trinnet skal ha hovudfokus på å utvikla elevane sine evner til å stola på seg sjølve, ta ansvar og tillata seg å prøva og feila, og å byggja opp under kreativitet og trong for utforsking. Vidare er utvikling av sosiale dugleikar og evne til samarbeid heilt sentralt. Elevane utviklar eige identitet og tilhøyrgheit gjennom kjennskap til heimstaden sitt særpreg. Forståing av kulturelle og økonomiske ressursar i lokalsamfunnet kan òvast gjennom enkle elevbedrifter.

Ungdomstrinnet: På dette trinnet er det fokus på utvikling av sentrale dugleikar som idéutvikling, problemløysing, ta avgjerder og byggja nettverk. Elevane skal oppmuntrast til å bruka ressursar og utnytta mogelegheiter lokalt, føla ansvar for felles arbeidsoppgåver og læra å ta konsekvensen av eigne val. Auka kunnskap om og kontakt med lokalsamfunn og arbeids- og samfunnsliv gir betre grunnlag for val av utdanning og yrke.

3.2 Fylkeskommunale

Fylkestinget april 2008: Rom for alle – syn for den enkelte – mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2008 – 2011:

- I samarbeid med lokalsamfunnet utviklar den vidaregåande opplæringa dyktige og samfunnsengasjerte innbyggjarar
- Med utgangspunkt i lokal identitet, handlings- og erfaringsborne kunnskapar og haldningar stimulerer vidaregåande opplæring til nyskaping og innovasjon

3.3 Regionale

Utviklingsprogrammet ”Sats på skulen – snu Sogn” 2006 – 2012:

Programmet har følgjande målsetjingar:

- Meir kompetanse for den ein skilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen
- Skuleleiarane skal vera tydelege og endringsdyktige leiarar som skal setjast i stand til å nytta utdanningsval og entreprenørskap som eit verktøy for kommunane i samfunnsutviklinga
- Kommunane skal sjå skuleutvikling i samanheng med samfunnsutviklinga og bruka skulen som eit verkemiddel for å styrka næringslivet og utnytte komparative føremoner
- Oppretthalda og vidareutvikla eksisterande fagnettverk i regionen.

3.4 Kommunale

Kommunestyret vedtok 25.juni 2009 kommuneplanen 2008 – 2016 med hovudmål:

- Leikanger kommune skal vera ein god stad å veksa opp, arbeida og bu.
- Folketalet skal auka kvart år i perioden.

Målsetjing for barnehagane: Leikanger skal ha full barnehagedekning med trygge og gode barnehagar som er tilpassa brukarane sine behov.

Målsetjing for grunnskulen :

Leikanger skal ha ein god skule og ein skule i endring med tida.

Av tiltaka :

- Satsa på gode samarbeidsprosjekt mellom skule og lokalt næringsliv
- Internasjonalisering skal vera eit satsingsområde
- Det må leggjast til rette for naudsynt etterutdanning for tilsette
- Samarbeid med offentleg og privat næringsliv for å sikra eksisterande samt utvikla nye arbeidsplassar og verksemder
- Skapa eit attraktivt fagmiljø for etablerarar og kompetanseverksemder.

Utfordringar:

Leikanger har ei spesielle rolle som statleg og fylkeskommunalt administrasjonssenter. Dette gjer at vil det vera eit særleg behov for arbeidskraft med høgare utdanning både på bachelor- og masternivå. Desse fagområda peikar seg ut:

- Ingeniør-, real- og naturfagleg kompetanse til Statens vegvesen, fylkesmannen og Asplan Viak
- IKT- kompetanse til DIFI og fylkeskommunen
- Juridisk og økonomisk kompetanse til Skatt Vest, NAV og fylkesmannen
- Sjukepleiarar og helsefagarbeidarar (generell mangelvare i alle kommunar)

Dei viktigaste utfordringane vil vera:

- Integrera entreprenørskapstenkinga i heile utdanningsløpet frå barnehage til vidaregåande skule. Dette føreset ei heilskapleg tenking og samordning av planar og tiltak på dei ulike utdanningsnivåa.
- Etablere god kontakt med næringslivet. Det er viktig å trekke lokale verksemder inn som samarbeidspartnarar.

- Nøkkelpersonar som lærarar, elevar, skuleleiarar og skuleeigarar må utvikla medvitne haldningar til verdien av entreprenørskap.
- Legga til rette for auka kompetanse hos lærarane. Dette føreset vilje til å prioritere etterutdanning innanfor entreprenørskap.

4. RESULTATMÅL

4.1. Felles

- Barn og unge skal ha god kunnskap om lokalsamfunn og lokalt næringsliv. Dei skal bli medvitne om at dei ved val av utdanning og yrke kan skape sin eigen arbeidsplass.
- Elevane skal utvikla haldningar og dugleik som fremjar kreativitet og nyskaping.
- Entreprenørskap er eit verkemiddel for å oppnå ein meir open og nyskapande skule og vera med å flytte fokus frå lærar og undervisning til elev og læring.

4.2 Samarbeid

4.2.1. Næringslivet

Kvart år skal eitt av møta i formannskapet nyttast til å orientera om og drøfta entreprenørskap i barnehage og skule. Tema på desse møta kan vera partnerskapsavtalar, hospitering eller andre samarbeidstiltak.

4.2.2. Vidaregåande skule

Leikanger kommune vil samarbeide med dei vidaregåande skulane for å sikra samanhengande overgangar mellom skuleslaga, utveksla kompetanse og legga til rette for kompetanseheving. Dette kan m.a. gjerast gjennom partnerskapsavtalar og gjennom felles rektor- og fagnettverk.

4.2.3 Regionen

Programstyret for Sats på skulen – snu Sogn

Skuleregionen

Fagnettverka

Rektor og rådgjevarsamlingar

4.3 Den enkelte barnehage og skule

4.3.1 Barnehagane

- Barna skal bli kjende med barnehagen sitt nærmiljø og foreldra sine yrke
- Barna skal bli kjende med ulike næringsvegar.

4.3.2 Barneskulen

- Elevane skal læra om ressursane i lokalsamfunnet og lokalt næringsliv
- Det skal leggast vekt på lokalt tilpassa undervisningsopplegg og samarbeid med kulturinstitusjonar
- Elevane skal gjennomføra prosjekt for å kartlegge ressursar knytt til arbeidsplassar/næringsliv
- Skulen skal ha partnerskapsavtalar for å sikra at elevar og lærarar skal ha høve til bedriftsbesøk og hospitering
- Elevane skal få øving i å etablere enkle elevverksemdar

- Skulen skal ha kunnskap om entreprenørskap. I kollegiet skal det vera lærarar som har gjennomført seks studiepoengskurs
- Skulen skal delta på nettverkssamlingar
- REAL – materiellet skal nyttast i undervisninga.

4.3.3 Ungdomsskulen

- Elevane skal læra om kommunal styring og forvaltning av lokalt næringsliv
- Elevane skal vera til stades på eitt kommunestyremøte
- Elevane skal ha tilbod om utplassering i arbeidslivet
- Skulen skal ha partnerskapsavtaler
- Elevar og lærarar skal ha høve til hospitering
- Elevane skal ha yrkesretteiing
- Elevane skal få opplæring i bedriftsetablering
- Elevane skal prøva ut elevverksemd
- Lærarar som underviser i relevante fag bør ha gjennomført femdagarskurs
- Skulen bør ha minimum to lærarar som har gjennomført femten studiepoengskurs
- Skulen skal delta på nettverkssamlingar
- REAL-materiellet er eit nyttig verktøy og bør nyttast i undervisninga

5. GJENNOMFØRING OG RAPPORTERING

5.1 Suksessfaktorar

- Positiv haldning hjå skuleleiinga
- God kompetanse hjå lærarane
- Godt samarbeid med lokalt næringsliv
- God forankring i politisk og administrativ leiing i kommunen
- Forankring i kommunale planar – økonomiplan og skulane sine utviklingsplanar.

5.2 Planar

Resultatmåla skal innarbeidast i kommunen sine årsbudsjett og økonomiplan. Konkrete tiltak skal innarbeidast i skulane og barnehagane sine utviklingsplanar.

5.3 Rapportering

Resultatmåla vert rapporterte i årsmeldinga kvart år.

6. DEFINISJONAR

Entreprenørskap i utdanningssystemet er ein dynamisk og sosial prosess der individa, åleine eller i samarbeid, identifiserer mogelegheiter og gjer noko med dei ved å omforma idear til praktisk og målretta aktivitet, i sosial, kulturell eller økonomisk samanheng.

Entreprenørskapskompetanse er personlege eigenskapar og haldningar som evne og vilje til å ta initiativ, nytenking og kreativitet, risikovilje, sjølvtilit, samarbeidsevne og sosial dugleik.

Elevverksemd er eit pedagogisk opplegg for grunnskulen der elevane lærer å driva eiga

verksemd med lærarar og representantar frå næringslivet som rettleiarar. Gjennomføringa av ei elevverksemd kan variera frå nokre få veker til eitt heilt, eventuelt fleire skuleår.

Ungdomsverksemd er eit pedagogisk opplegg for vidaregåande skule som skal gje ungdom kunnskap om, røynsle i og forståing for arbeidslivet. Opplegget går ut på at ungdom går saman om å etablera ei verksemd som vert avvikla når skuleåret er over. Lærarane på skulen og mentorar frå næringslivet hjelper til med utvikling av forretningsidé, oppstart og drift.

Partnerskap er eit langsiktig, forpliktande samarbeid mellom skule og lokalt arbeids- og næringsliv. Besøk på verksemda, prosjektarbeid for elevar, hospitering for lærarar, lærar som deltek på verksemda sine kurs og forelesarar frå verksemda på skulen er noko av det ein avtale kan innehalde.

REAL – Rural Entrepreneurship through Action Learning, er eit opplæringsprogram utvikla i USA. Føremålet er å hjelpe ungdommen til å verta verande i eige distrikt gjennom å skapa tilhøyrighet og identitet. Ungdom skal verta motiverte til å ta initiativ og verta arbeidsskarar i staden for arbeidssøklar. Undervisningsopplegget er tilpassa dei ulike stega med Mini-REAL for barnesteget, Middle-REAL for mellomsteget og ungdomsteget og REAL for vidaregåande opplæring og høgskule/universitet.